



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Kultur- og miljøutvalet	11.03.2014	007/14
Formannskapet	13.03.2014	027/14
Kommunestyret	07.04.2014	025/14

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Arkiv: S10	12/684-9

Gjengedal kraftverk og 132kV kraftledning frå Gjengedal til Storebru/Agledal - uttale til konsesjonssøknader

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
214423	Oversiktskart trasear
216706	Kart Gjengedal kraftverk

Bakgrunn for saka:

NVE har lagt søknad frå SFE Produksjon AS om konsesjon for utbygging av Gjengedal kraftverk ut til offentleg gjennomsyn.

NVE har samtidig lagt søknad frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132kV kraftledning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal ut til offentleg gjennomsyn

Saksutgreiing:

Kraftutbygginga:

Gjengedal Kraftverk skal utnytte fallet frå inntak i Dalevatnet på kote 477 til kraftstasjon i fjell og utløp nedom Gjengedalsfossen på kote 151. Det er konsesjonssøkt to hovudalternativ. Alternativ 1 inneheld ei regulering av Storevatnet innafor naturleg vasstandsvariasjon på 0,7m, medan Storevatnet er uregulert i alternativ 2. I alt. 1 blir det då bygd ein 45m lang overløpsterskel i betong ved utløpet av Storevatnet. Ved damstaden er det store steinar i elveleiet og lausmassedekke er antatt å variere mellom 0 og 1 meter. Elles er utbyggingsalternativa like.

Inntaket vil bli utforma som overflateinntak i ei bukt vest i Dalevatnet. Nøyaktig plassering vil bli bestemt etter grunnundersøking. Her blir bygd eit lukehus med inntaksluker og varegrind. Herifrå vil det gå ei lukesjakt ned på inntakstunnelen. Det blir bygd ein 70m lang overløpsterskel i betong ved utløpet av Dalevatnet. Ved damstaden er det store steinar i elveleiet og lausmassedekke er antatt å variere mellom 0 og 1,5 meter.

Frå inntaket blir vatnet ført gjennom ein 5km langt tunnel med ca. 5 meter diameter fram til kraftstasjonen. Om lag halvveis mellom inntak og kraftstasjon er det planlagt ei om lag 85 meter lang sjakt med diameter 1,3 meter for å pumpe vatn frå Støylselva inn på tunnelen. I Støylselva blir det etablert ein terskel i betong om lag på kote 445, og inntakskonstruksjon med varegrind og stengemoglegheit. Her vil det også bli ein 500 meter lang tverrslagstunnel med påhogg om lag 600 meter nordaust for tunet på Dalheim.

Det er planlagt minstevassføring tilsvarande 5-persentil med unntak av sommarvassføringa over terskelen i Dalevatnet som er sett med minstevassføring på 1,0m³/s. Denne skal likevel justerast slik at ein til ei kvar tid oppnår minstevassføringa på toppen av Gjengedalsfossen. Minstevassføringa vil då vere:

Tabell 3-4 Planlagd minstevassføring.

	Inntak i Støylselva	Terskel i Dalevatnet	Terskel i Storevatnet (alt. 1)	Topp Gjengedalsfossen
Minstevassføring, sommar (m ³ /s)	0,23	1,00	1,94	2,41
Minstevassføring, vinter (m ³ /s)	0,029	0,27	0,22	0,50

Kraftstasjonen er plassert i fjell, og utsprengt volum er berekna til 11500 m³. 50m oppstrøms kraftstasjonen skal det etablerast ein betongpropp med overgang frå tunnel til stålrøyr. Kraftstasjonen ligg om lag på kote 155, og vil få to like store turbinar. Aggregata vil få ei samla yting på 51 MW / 60 MVA. Transformatorane vil få ei samla yting på 60 MVA, og ei omsetting frå 13,8 kV til 132 kV. Gjengedal kraftverk er dimensjonert med slukeevne 18,4 m³/s, tilsvarande ca. 250 % av middelvassføringa (inkl. overføring av Støylselva). Minste slukeevne vil vere 0,5 m³/s. I kraftstasjonen skal det installerast ein omløpsventil for å sikre strekninga nedstrøms utløpet mot tørrfall. Kraftstasjonen vil bli bygd frå riggområde ved påhogg for tilkomsttunnel.

Frå kraftstasjonen vil det bli etablert ein ca. 800 m lang utløpstunnel som leiar vatnet ut i ein høl nedstrøms Gjengedalsfossen på kote 151. Det kan vere aktuelt å etablere gyteplassar for laks og sjøaure i avløpskanalen. Det er skissert to alternativ for tilkomsttunnel til kraftstasjonen. For alternativ A vil påhogget bli etablert nord for (på oppsida av) eksisterande veg til Gjengedal på kote 198, om lag 400 meter før vegen passerer første gardstunet. Herfrå blir tunnelen driven på synk til kraftstasjonen på kote 155. Tilkomsttunnelen blir 842 m lang. Masse frå tilkomsttunnelen er tenkt deponert i dette området, og vegen vil bli flytta litt ned på fyllinga. Det er i tillegg tenkt opparbeidd parkeringsplass og utsiktspunkt. Alternativ A er prioritert alternativ frå tiltakshavar si side.

For alternativ B vil påhogget bli etablert sør for eksisterande veg til Gjengedalen på kote 145, om lag ein kilometer før ein kjem til første gardstunet. Frå påhogget blir tilkomsttunnelen driven på stigning til kraftstasjonen på kote 155. Tilkomsttunnelen blir 1260 m lang. Rasfare og kulturminner i dette området gjer at SFE ikkje ønskjer å prioritere dette alternativet.

Det er skissert følgjande nye permanente vegar i samband med utbygginga:

- 1,3km veg frå vegen til Gjengedalsstøylen rett innpå Dalheim til påhogg for tverrslag og vidare til inntak for Støylselva
- 0,55km veg frå vegen til Gjengedalsstøylen fram til terskelen i utløpet ved Dalevatnet. Ved plassering av vegtraseen er det søkt å unngå konflikt med ei hytte i området.
- 0,1km veg frå vegen til Dalelia hyttefelt til terskelen ved utløpet av Storevatnet (berre alt.1)
- Mindre omlegging/utbeting av eksisterande veg på strekninga frå krysset mot Mjellem/Rongkleiv opp til gardane i Gjengedal.

Prosjektet vil få eit masseoverskot på mellom 290 000 og 310 000 m³ utsprengt tunnelmasse. Dette er tenkt plassert i fire deponi:

- Ved påhogg for tverrslag nordaust for Dalheim, om lag 30 dekar, volum 50 000m³
- Rett nord for det gamle skulehuset på Klype, om lag 20 dekar, volum 180 000m³
- På nedsida av vegen rett før ein kjem til bebyggelsen i Gjengedal, om lag 9 dekar 35 000 – 55 000m³ avhengig av alternativ for tilkomsttunnel

- Ved portal for tilkomsttunnel, om lag 10 000 m³

Ved avslutta anleggsarbeid vil massedeponia bli arrondert og tilsådd, men grunneigarane er interessert i å kunne ta ut masse frå eit eller to av deponia.

Både sentral- og lokalnettet må oppgraderast for å realisere utbygginga. Det ligg føre eigen konsesjonssøknad for 132kV-line frå Gjengedal til Storebru, som er nærare omtalt nedanfor. Lina blir ikkje realisert utan Gjengedal kraftverk, og det er nemnt at 12 mindre kraftutbyggingssaker i området er avhengige av lina for å kunne realiserast. Av desse er 5 konsesjonssøkte og 1 med konsesjon lista opp i søknaden (alle i Gloppen), medan dei 6 siste er nemnt i ein av fagrapportane for kraftlina (to i Gloppen). I tillegg vil eksisterande 1kV-line frå Gjengedal til Dalheim bli opprusta til 22kV, og det vil bli lagt jordkabel i/langs vegane frå Dalheim til pumpe ved inntaket i Støylselva, lukehus ved Dalevatnet og tersklane i utløpet ved Dalevatnet og evt. Storevatnet.

Utbygginga er kostnadsrekna til 535mill (alt 1) eller 531mill (alt 2) inkludert kraftverket sin kostnadsdel i lina Gjengedal – Storebru. Tilkomsttunnel alternativ B vil auke kostnadene med om lag 10mill. Årsproduksjonen er stipulert til 152GWh for alt.1 og 146,6GWh for alt 2 som tilsvarer ein utbyggingspris på kr. 3,50 og 3,60 pr. kWh.

Konsekvensane av tiltaket er utgreidd i samsvar med utgreiingsprogrammet fastsett av NVE i mars 2013. Dette finn ein i kapittel 3 til 10 i konsesjonssøknaden. For ein del tema er det utarbeidd egne meir fyldige rapportar i tillegg. Kapittel 11 oppsummerer konsekvensutgreiinga med følgjande tabell:

Tabell 11-1 Samanstilling av verdi- og konsekvensvurderingar for dei to alternative utbyggingsløysingane.

Fagtema	Verdi		Konsekvens	
	Alternativ 1	Alternativ 2	Alternativ 1	Alternativ 2
Flaumar			Liten positiv	Liten positiv
Vasstemperatur, istilhøve og lokalklima			Ubetydeleg	Ubetydeleg
Grunnvatn			Ubetydeleg	Ubetydeleg
Erosjon			Ubetydeleg	Ubetydeleg
Skred			Ubetydeleg	Ubetydeleg
Landskap	Middels	Middels	Middels negativ	Middels negativ
INON	Middels	Middels	Liten negativ	Liten negativ
Geofaglege forhold	Liten til middels	Liten til middels	Liten negativ	Liten negativ
Naturtypar	Middels	Middels	Middels til liten negativ	Middels til liten negativ
Pattedyr (rein)	Middels til stor	Middels til stor	Liten til middels negativ	Liten til middels negativ
Fugl	Stor	Stor	Liten negativ	Liten negativ
Fisk	Middels til stor	Middels til stor	Liten negativ	Liten negativ
Ferskvassbiologi	Middels	Liten	Middels til liten negativ	Liten negativ
Kulturminne og kulturmiljø	Middels til stor	Middels til stor	Liten negativ	Liten negativ
Forureining og vasskvalitet			Liten negativ	Liten negativ
Anna forureining			Liten negativ	Liten negativ
Jord- og skogressursar	Liten til middels verdi	Liten til middels verdi	Liten positiv	Liten positiv
Ferskvassressursar	Liten verdi	Liten verdi	Ubetydeleg	Ubetydeleg
Mineral- og masseførekomstar	Liten verdi	Liten verdi	Liten negativ	Liten negativ
Næringsliv og sysselsetting			Middels positiv	Middels positiv
Folkesetnad og bustadbygging			Liten positiv	Liten positiv
Tenestetilbod og kommunal økonomi			Middels positiv	Middels positiv
Sosiale tilhøve			Ubetydeleg	Ubetydeleg
Helsetilhøve			Liten til ubetydeleg	Liten til ubetydeleg
Friluftsliv og reiseliv	Middels til stor	Middels til stor	Liten negativ	Liten negativ

Kraftlina:

Ein føresetnad for utbygging av Gjengedal kraftverk er at det også blir bygd ny 132kV kraftline frå kraftverket til den nye 420kV-lina i nærleiken av Storebru, og det ligg føre eigen konsesjonssøknad for denne. Forsyningstryggleiken i distribusjonsnettet i området er god, men nettet er fullt utnytta med omsyn til ny produksjon. Kraftlina vil bli mellom 27 og 28km lang avhengig av traseval. I søknaden er strekninga delt opp i fire delstrekningar der det ligg føre nokre alternativ innafor kvar delstrekning:

- Seksjon A går frå portalbygg for Gjengedal kraftverk til austre enden av Røyrvikvatnet. Alt. A-1 krysser Gjengedalsgjølet, går i bakkant av (sør for) dyrka mark på Mjellem og litt opp i lia på sørsida av dalen inn mot Rongkleivstøylen og vidare parallelt med eksisterande 22kV-line sør for Langevatnet. Alt. A-2 går ned Gjengedalsgjølet og krysser over i vegkrysset Mjellem/Rognkleiv – Gjengedal for så å stige bratt opp på fjellet nord for Rongkleiva. Lina følger høgda og går etter kvart ned mot Røyrvikvatnet på nordsida av Hornet.
- Seksjon B går frå austre enden av Røyrvikvatnet til området vest for Hjortesetstøylen. Alt. B-1 går opp på Åsane (mellom Heimseta og Røyrvika) og med to alternativ anten langs dagens 22kV-line til Skogheim (B-1-1) eller lenger vest slik at den kjem på vestsida av busetnaden fram til ny transformator ved Skogheim kraftverk (B-1-2). Frå Skogheim går den sørvestover opp på Hjortesetfjellet. Alt. B-2 går langs sørsida av Røyrvikvatnet til ny trafo ved fv. 615. Lina kryssar så fylkesvegen ved enden av Slåttestølsvatnet og går mot sørvest over Storeskaret og sørover Hjortesetfjellet.
- Seksjon C går frå området vest for Hjortesetstøylen til ny trafo ved Sagefossen kraftverk. Hovudskilnaden på alternativa her er at C-1 går sør for Solheimsstøylen og C-2 går nord for Solheimsstøylen
- Seksjon D går frå Sagefossen fram til 420kV-lina som er under bygging. Alt. D-1-2 følgjer i grove trekk eksisterande 66kV line som vil bli fjerna når den nye er sett i drift, og ny trafo blir plassert under 420kV-lina. Alt. D-2-2 går lenger søraust med ny trafo ved Svarthumlevatnet nær hovudvegen Førde – Florø. Dei to siste kilometrane fram til 420kV-lina må lina etter dette alternativet byggast med dobbeltkursastålmast.

Det ligg føre konsekvensutgreiing av traseane. Denne er oppsummert i konsesjonssøknaden, men det ligg også føre meir omfattande fagrapportar som eigne dokument. Til slutt er konsekvensane samanstilt i ei matrise, som er teke inn her:

7.1 Konsekvensmatrise

For å kunne gjere ein vurdering og prioritering av kva alternativa ein søker på, har SFE Nett AS samla forhold som er viktige for SFE Nett som konsesjonssøkar (teknikk, økonomi, systemløyning, drift) og konklusjonane frå dei uavhengige konsekvensutgreiingane for andre samfunnsinteresser i ei matrise, sjå Tabell 15.

Matrisa gir ei grov oversikt over kvar/korleis konsekvensane slår ut for dei omsøkte alternativa. I matrisene er det nytta følgjande skala:

++++	Meget positiv
+++	Stor positiv
++	Middels positiv
+	Liten positiv
0	Liten/ingen
-	Liten negativ
--	Middels negativ
---	Stor negativ
----	Meget stor negativ

Medan det i konsekvensutgreiingane for andre samfunnsinteresser er vurdert konsekvens opp mot 0-alternativet, er det for tema relevante for anleggseigar gjort ein vurdering av relative ulemper/føremoner jamført med dei andre aktuelle alternativa.

Tabell 15 – Jamføringsmatrise ulike alternativ 132 kV leidning Gjengedal – Storebru.

Tema:	Seksjon A		Seksjon B			Seksjon C		Seksjon D			
	1	2	1-1	1-2	2	1	2	1-1	1-2	2-1	2-2
Systemløsning	0	0	0/+	0/+	0/-	0	0	0	0	0	0
Investeringskostnader	+	-	+	+	-	0/+	0/-	+	+	0	-
Tap, vedlikeholdsutgifter	+	-	0	0	-	0	0	0	0	0	+
Drift, beredskap	0/+	0/-	0/+	0/+	0/-	0	0	+	0	-	+
Magnetfelt	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Verna område	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Inngrepsfrie område (INON)	-	-/--	-/--	-/--	--	-	--	0/-	0/-	--	--
Naturmangfald*	--	--	--	--	--	--	--	---	---	---	---
Kulturminne og kulturmiljø*	-	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Landskap*	---/--	--	--	--	--	---	---	-	-	-	--
Lokalt næringsliv*	++	++	++	++	++	++	++	++	++	++	++
Reiseliv*	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0	0
Jordbruk / Skogbruk*	-/--	-	-/--	-/--	-	-	-	-	-	-	-
Friluftsliv*	0	-	-	-	-	-	-	0	0	-	-

For tema merka med stjerne er konsekvensar vurdert av uavhengig instans

Merk at det i fagrapportane ikkje er gjort for ein separat vurdering for alternativ B-1-2. Sidan alternativet ligg tett opp til alternativ B-1-1, og det er avklart mot registrerte kulturminne, viktige naturtypar og verneområdet, er det lagt til grunn at alternativet har same konsekvensar for biologisk mangfald og samfunnsinteresser.

Søklar si prioritering mellom alternativa er teke inn nedanfor:

SFE Nett AS sin prioritering er i hovudsak basert på vurderingane som er gjengjeve i jamføringsmatrisa over.

Prioritering mellom dei alternativa på seksjonane er oppsummert under:

Seksjon A:

SFE Nett prioriterer alt. A-2 framfor A-1 på grunn av lågare konflikt med busetjing og hytteområde, landskap og kulturmiljø/minne. SFE Nett legg òg vekt på at alt. A-2 er basert på framlagde traséforslag frå lokale grunneigarar.

Dei positive sidene ved A-2 veg opp for noko høgare investerings og driftskostnader, og negative konsekvensar for friluftsliv og større innhogg i INON-område.

Seksjon B:

SFE Nett prioriterer Alt B-1-2, framfor B-1-1, med B-2 som sisteval.

B-1-2 er førsteval fordi stasjonsplassering ved Skogheim er vurdert som betre enn Åsane. Trasé B-1-1 vil medføre leidning mellom busetjing og vatnet ved gardane Skogheim og Heimseta. Med variant B-1-2, vil leidningen gå i bakkant av busetjing og trekkast litt tilbake i landskapsrommet.

B-2 er vurdert som sisteval på grunn av ein meir ugunstig plassering av transformeringsstasjon, med meirkostnader for tomt. I tillegg kan ein plassering ved Åsane vere noko meir ugunstig for tilknytning til distribusjonsnettet. Elles vil trasé B-2 gi ein noko uheldig, visuelt eksponert leidningsføring langs Røyrvikvatnet, og det verkar som om befolkninga i området heller ønskjer Alt. B-1.

Seksjon C:

SFE Nett prioriterer Alt. C-1 framfor C-2.

Alt. C-1 er kortare, beinare og noko rimelegare enn alt. C-2. Det er ikkje påvist at alt. C-2 har vesentlege føremøner jamført med C-1, og SFE har inntrykk av det lokalt er ønskje om alt. C-1.

Seksjon D:

SFE Nett prioriterer Alt. D-1-2 framfor D-2-2.

Dette er på bakgrunn av at utgreiingane for landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde. Også fagrapport for naturmangfald prioriterer D-1 framfor D-2, sjølv om dette ikkje går så tydeleg fram frå konsekvensmatrisa.

Alt. D-2-2 har høgare investeringskostnader pga. behovet for dobbelkursmaster i stål ned til Agledal, og vil medføre auke i overføringslengde mellom Moskog og Grov. SFE vurderer at dei positive sidene med alt. D-2-2, betre tilgang til stasjonen og noko lågare tap, ikkje veg opp for ulempene.

Kraftlina er i hovudsak tenkt bygd som portalmaster (to stolpar med ståltravers) i kreosotimpregnert tre eller kompositt. Høgde 12-18meter, 4.5 meter mellom stolpane og 4.5 meter mellom kvar av dei tre kraftlinene. Normalt byggeforbudsbelte vil bli 29meter. Det vil også bli sikra rett til å rydde skog i tilsvarande breidd. Totalt legg kraftlina og nye transformatorstasjonar beslag på om lag 740 dekar nytt areal, av dette er i overkant av 300

dekar skog. Fjerning av eksisterande 66kV-line vil frigjere om lag 150dekar bandlagt areal, av dette er om lag 50 dekar skog.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Utbyggar har berekna mogleg årleg skatt til kommunen frå Gjengedal kraftverk til 3.3mill for alt. 1 og 3.1mill for alt. 2. Dette er først og fremst eigedomsskatt, men også ein mindre sum konsesjonsavgift og ein stipulert verdi av konsesjonskraft. Eigedomsskatt for kraftlina er ikkje berekna.

Rådmannen si vurdering:

Kommunestyret har vedteke følgjande retningslinjer for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen.

Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:

- *Visuelt inntrykk etter utbygging*
- *Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)*
- *Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)*
- *Naturinngrep ved utbygging*
- *Den samla utbygging i området*
- *Kraftlineføring*
- *Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta*
- *Økonomi*
- *Eigarskap*

Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernerestriksjonar på.

Gjengedal kraftverk er definitivt ikkje eit småkraftverk, men det er likevel naturleg å ta utgangspunkt i dei same punkta.

1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette er eit stort utbyggingsprosjekt, som er vanskeleg å få eit fullstendig bilde av. Konsekvensutgreiingane konkluderer med middels negativ innverknad på landskapet, både av kraftutbygginga og -lina. Kraftutbygginga vil innebere moderate anleggsarbeid ved vatna. Rådmannen vil tru at både terskel og bygningsmessige tiltak vil bli opplevd som lite konfliktylt for folk flest. Det same gjeld reguleringa av vatna innafør naturleg vasstandsvariasjon. Både Støylselva og Slettelva vil få betydeleg redusert vassføring, men elvene er etter rådmannen sitt syn ikkje så viktige visuelle landskapselement at dette skal tilleggast avgjerande vekt.

Det vil bli nokre kilometer ny veg, men med unntak av eit lite parti opp mot inntaket i Støylselva, er terrenget etter rådmannen si vurdering ganske greitt å bygge veg i. Det er likevel grunn til å oppmode om at ein legg vekt på skånsam behandling av terreng og tilbakeføring av vegetasjonsmasse på t.d. vegskråningar, då terrenget er ope med mykje lys stein, og terrenginngrep difor vil vere synlege over lange avstandar.

Dei største visuelle utfordringane for sjølv kraftutbygginga ligg truleg i plassering av om lag 300000m³ sprengstein. I anleggsfasen vil dette vere svært synleg, og det er opplagt at her er område for massedeponi der terrenget blir vesentleg endra. Rådmannen meiner likevel at det vil vere råd å utføre dette på ein slik måte at det på lang sikt vil bli lite framtrèdande. Vegetasjonsmasse skal takast til side og nyttast som

toppdekke ved avslutning av deponia, og det er grunn til å tru at dette på sikt vil gro til med naturleg vegetasjon.

Det er forståeleg at grunneigarane ønskjer å ha tilgang til delar av den ressursen steinen representerer etter utbygginga. Etter rådmannen sitt syn bør plassering og omfang av desse uttaka avklarast gjennom reguleringsplan.

Etter rådmannen sitt syn vil 27-28 km ny kraftline representere den klart største visuelle inngrepet som følgje av Gjengedal kraft. Det er også eit vesentleg poeng at lina fører til visuell forringing av område som ligg langt vekk frå kraftverket som utløyser behovet, og slik sett inneber ulempe for folk som har liten nytte av utbygginga av Gjengedal kraftverk. Denne nye kraftlina er berre nødvendig for å skaffe nettkapasitet for dette kraftverket og andre potensielle kraftverk i området. Rådmannen har ikkje hatt høve til å bruke så mykje tid på denne saka at eg har grunnlag for å vurdere dei ulike traseane opp mot kvarandre på sjølvstendig grunnlag eller foreslå alternative trasear. Her må eg berre oppmode om at det i så stor grad som råd blir teke lokale omsyn og lytta til grunneigarar og andre med større lokalkunnskap.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)

Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på det tradisjonelle landbruket. Det kan tenkjast at noko av arealet som blir brukt til massedeponi vil kunne nyttast til meir rasjonell landbruksdrift etter utbygging enn før.

Det er lite avrenning til elva frå private avløpsanlegg eller landbruksdrift. Dermed er det heller ikkje grunn til å tru at vasskvalitet og resipienttilhøve blir vesentleg endra som følgje av redusert vassføring i driftsfasen. Det er skissert ulike tiltak for å redusere ureiningsfare i anleggsfasen, mellom anna sedimenteringsbasseng for prosessvatn frå tunneldrifta. Felles for desse tiltaka er at det vil bli eigen søknad til fylkesmannen om godkjenning etter ureiningslova. Rådmannen ser i utgangspunktet ikkje forhold omkring dette som eg meiner er for dårleg utgreidd.

Magasina i Dalevatnet og evt. Storevatnet vil kunne redusere flaumtoppane i Slettelva noko, utan at det nødvendigvis har så mykje å seie for landbruket, sidan landbruksarealet langs elva ikkje er særleg flaumutsett.

3. Tilhøve til anna næring (turisme, utmarksnæring)

Gjengedalen er ein av innfallsportane til Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde, og her er ein del hytter og anna allmen t. Kraftutbygging og kraftlinebygging kan ha negativ innverknad på turisme. Konsekvensutgreiinga konkluderer med liten negativ effekt av kraftutbygginga og ingen effekt av linebygginga.

For anna lokalt næringsliv er det konkludert med middels positiv effekt. Dette er relatert til moglege oppdrag for lokale entreprenørar i anleggsfasen. Rådmannen er i tvil om denne typen kortvarige effektar, i ein lokal entreprenørbransje som tilsynelatande har meir enn nok å gjere, er relevant å leggje særleg stor vekt på.

4. Naturinngrep

Det ligg ved eigne utgreiingar av tiltaket sin verknad på natur og naturmangfald. Dette er dels basert på tidlegare registreringar og dels på feltarbeid utført av konsulentar som har vore engasjert i prosjektet. Rådmannen sit ikkje på slik detaljkunnskap som SFE sine konsulentar har. Også her er det kraftlina som kjem dårlegast ut, ved at den går gjennom fleire område med viktig og til dels svært viktig naturmangfald. Bortsett frå seksjon D av kraftlina som i det alt vesentlege ligg i Flora kommune, er det liten

skilnad på kraftlinealternativa når det gjeld naturinngrep. Rådmannen er i tvil om den lokale samfunnsnyttan er så stor at naturverdiane bør vike.

5. Samla utbygging i området

Søklar har antyda at 12 småkraftverk er avhengige av at Gjengedal kraftverk blir bygd, med tanke på at kraftverket utløyser ny kraftline for påkopling til 420kV-lina. Av desse har Gloppen kommune teke stilling til Aa-Tverrelva kraftverk som har fått konsesjon, og fire ligg slik rådmannen forstår det i Flora kommune.

Kommunestyret har ikkje gitt nærare kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning. Slik rådmannen ser det er denne utbygginga i seg sjølv så stor, at samla belastning er av underordna betydning. Ein kan sjølvsagt likevel stille spørsmål ved om det går ei grense ein stad for kor mykje kraft som er fornuftig at blir produsert og eksportert ut av Gloppen, og kor mange elver som skal utnyttast til kraftutbygging. Og denne saka vil altså mest truleg bli følgt opp av ei rekkje småkraftsaker i same området. Så langt har vel kommunen si vurdering vore at så lenge kvar enkelt sak ikkje har vesentleg negativ verknad på dei kriteria som skal vurderast, skal det mykje til for at samla belastning blir for stor. Denne saka har vesentleg negativ verknad på nokre område.

6. Kraftlineføring

Sidan dette er såpass omfattande i denne saka er verknadane av kraftlina omtalt under dei andre punkta.

7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta

I verneplan for Naustdal – Gjengedal er det opna for kraftutbygging med regulering av Storevatnet innafor naturleg vasstandsvariasjon. I SFE sine planar er dette også lagt til grunn for regulering av Dalevatnet, sjølv om vatnet ligg utanfor verneområdet. Rådmannen meiner dette er fornuftig. Det er lagt opp til minstevassføring i elvene og særlege omsyn til spesielt påviste naturverdiar. Rådmannen har ingen merknad til utnyttingsgraden.

8. Økonomi

Det er gjort greie for utbyggingspris og forventa skatteinntekter til det offentlege, men ikkje orientert om kva utbygginga betyr økonomisk for SFE og grunneigarane. Rådmannen legg til grunn at tiltaket ikkje ville vorte omsøkt dersom SFE ikkje var rimeleg sikker på at dette vil vere ei lønsam investering,

9. Eigarskap

SFE er ei viktig lokal verksemd, sjølv om eigarane i hovudsak ikkje er lokale.

Det er vernerestriksjonar på Storevatnet, men utbygginga er i prinsippet i samsvar med verneføresegnene.

Oppsummering:

Rådmannen meiner SFE Produksjon AS gjennom framlagte planar for utbygging av Gjengedal kraftverk har gjort ei grei avveging mellom dei ulike verdiane som er avdekka i konsekvensutgreininga og inngrepa som utbygginga fører til. Det store ankepunktet ved utbygginga er kraftlina som SFE Nett AS har konsesjonssøkt, som til dels betyr inngrep i store område med få inngrep frå før. Det er sjølvsagt ein fordel at lina stort sett kjem langt frå bustader, og her er mykje fin natur att i kommunen også etter at denne evt. er bygd. Men traseane går også gjennom området der det er påvist store naturverdiar som ein i samband med anna kommunal arealplanlegging prøver å vere restriktiv med å tillate ny arealbruk i. Så kan ein sjølvsagt stille spørsmål ved kor dramatisk inngrep ei ny kraftline i realiteten er.

Samfunnet treng straum, og kraftliner er ein vesentleg og naturleg del av straumforsyninga. Spørsmålet blir kor stort ansvar Gloppen kommune skal ta for nasjonale prioriteringar. Gloppen kommunestyre gikk i 2007 mot trasealternativ for 420kV-lina gjennom Gloppen, mellom anna på grunn av store naturverdiar. I kommunen blir det i dag produsert i overkant av 400GWh, som er om lag 4 gonger eige energibehov. Det er også langt enklare å argumentere for ei kraftline som bidreg til auka tryggleik for straumforsyning til eigne innbyggjarar enn ei som berre skal bidra til at råvarer (straum) blir transportert ut av kommunen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Gloppen kommunestyre har ikkje isolert sett merknader til konsesjonssøknad frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Men kommunestyret er skeptisk til verknadene på landskap og naturmangfald av kraftlina frå Gjengedal til Storebru, og ser ikkje at lokal samfunnsnytte er så stor at desse verdiane må vike. Dette betyr i praksis at kommunestyret går mot konsesjonssøknad frå SFE Nett AS for kraftleidning Gjengedal – Storebru/Agledal, og dermed også mot konsesjonssøknad frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk.

11.03.2014 KULTUR- OG MILJØUTVALET

Framlegg frå **Bernt Kr. Holtan (V)**:

Kultur- og miljøutvalet har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Utvalet vil likevel påpeike at tunnelmassane representerer ein stor verdi som må kunne nyttast av grunneigarar og andre til ålmennyttige føremål i området så langt det er praktisk mogeleg. Tunneltippane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små.

Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kultur- og miljøutvalet uroa over konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset utvalet at lineføringa vert gjort i samarbeid med grunneigarane slik at utbyggar tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming.

Framlegget vart vedteke med fire røyster.

007/14 VEDTAK:

Kultur- og miljøutvalet har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Utvalet vil likevel påpeike at tunnelmassane representerer ein stor verdi som må kunne nyttast av grunneigarar og andre til ålmennyttige føremål i området så langt det er praktisk mogeleg. Tunneltippane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små.

Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kultur- og miljøutvalet uroa over konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset utvalet at lineføringa vert gjort i samarbeid med grunneigarane slik at utbyggar tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.

13.03.2014 FORMANNSKAPET

Framlegg frå **Per Jarle Myklebust (Sp)** og **Ragnar Eimhjellen (V)**:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Kommunestyret vil likevel påpeike at tunnelmassane representerer ein stor verdi som må kunne nyttast av grunneigarar og andre til ålmennyttige føremål i området så langt det er praktisk mogeleg. Tunneltippane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små.

1. Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kommunestyret uroa over konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset kommunestyret at lineføringa vert gjort i samarbeid med grunneigarane slik at utbyggjar tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming
2. Kommunestyret ber vidare om forhandlingar med SFE for å kome fram til semje om utbyggingsavtale og kva konsesjonsvilkår som skal knyttast til søknaden, som ålmenn erstatning til lokalsamfunnet for verknaden av naturinngrepa
3. Kommunestyret føreset at resultatet av forhandlingane blir innarbeidd som vilkår i konsesjonen og at forhandlingane er avslutta i god tid før høringsfristen går ut. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne resultatet av forhandlingane
4. Viss kommunen og SFE mot formodning ikkje blir samde om utbyggingsavtale og konsesjonsvilkår, føreset kommunestyret at NVE sikrar at det blir knytt vilkår til konsesjonen som ivaretek kommunen og ålmenta sine interesser
5. På vilkåra nemnd over tilrår Gloppen kommunestyre at søknaden frå SFE Produksjon AS for utbygging av Gjengedal kraftverk og søknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, blir godkjende.

Ved alternativ røysting mellom framlegget frå Per Jarle Myklebust og Ragnar Eimhjellen og rådmannen si tilråding fekk framlegget frå Per Jarle Myklebust og Ragnar Eimhjellen ni røyster og rådmannen si tilråding ingen røyster.

027/14 VEDTAK:

Framlegget frå Per Jarle Myklebust og Ragnar Eimhjellen vart samrøystes innstilt.

07.04.2014 KOMMUNESTYRET

Det var synfaring i saka saman med representantar frå SFE Produksjon AS, SFE Nett AS og representantar frå grunneigarane.

Kart og nøkkelinformasjon frå konsesjonssøknadene og kommentarar frå grunneigarane i Ommedal vart delt ut.

Framlegg frå **ordføraren**:

Som formannskapet si innstilling, men med desse endringane:

Tillegg til pkt 2:

Kommunestyret føreset at forhandlingane er avslutta før høyringsfristen går ut. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne resultatet av forhandlingane.

Nytt pkt 3:

Med heimel i vassdragsreguleringslova § 12, nr 17 ber kommunestyret om at NVE knyter følgjande vilkår til konsesjonen:

- a) Det blir oppretta eit næringsfond på 20 millionar kroner som blir stilt til disposisjon for Gloppen kommune
- b) Utbyggar er erstatningspliktig for eventuelle negative konsekvensar av utbygging i høve til vassforsyning og fiske m.m. og må gjennomføre avbøtande tiltak viss negative ringverknader oppstår.

Tillegg til pkt 4:

(...) i samsvar med pkt 3 i vedtaket.

Framlegg til presisering av pkt 1 i formannskapet si innstilling frå **Per Jarle Myklebust (Sp)** og **Leidulf Rygg Bogstad (Krf)**:

Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kommunestyret opptekne av konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset kommunestyret at SFE Nett AS held fram samarbeidet med grunneigarane og kommunen slik at utbyggar tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming.

Framlegg frå **Anniken Rygg (H)** til ordlyd i nytt pkt 3b):

Utbyggar må gjere avbøtande tiltak i høve til vassforsyning og fiskebestand m.m. som følgje av eventuelle negative konsekvensar med utbygginga.

Ordføraren trekte etter dette sitt framlegg til nytt pkt 3b).

Det vart røysta slik:

1. Alternativt mellom framlegget frå Per Jarle Myklebust og Leidulf Rygg Bogstad til pkt 1 og formannskapet si innstilling i pkt 1:
 - Framlegget frå Per Jarle Myklebust og Leidulf Rygg Bogstad: 20 røyster
 - Formannskapet si innstilling: to røyster
2. Alternativt mellom framlegget frå ordføraren til pkt 2 og formannskapet si innstilling i pkt 2:
 - Framlegget frå ordføraren: samrøystes
 - Formannskapet si innstilling: ingen røyster
3. Samla over innleiinga i innstillinga til formannskapet, pkt 3 i framlegget frå ordføraren og Anniken Rygg, pkt 4 i framlegget frå ordføraren og pkt 5 i formannskapet si innstilling, som vart samrøystes vedteke.

025/14 VEDTAK:

Gloppen kommunestyre har ikkje vesentlege merknader til konsesjonssøknaden frå SFE Produksjon AS for Gjengedal kraftverk. Kommunestyret vil likevel påpeike at tunnelmassane representerer ein stor verdi som må kunne nyttast av grunneigarar og andre til ålmennyttige føremål i området så langt det er praktisk mogeleg. Tunneltippane må leggjast slik at dei visuelle ulempene blir små.

1. Når det gjeld konsesjonssøknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, er kommunestyret opptekne av konsekvensane for landskap og naturmangfald. Derfor føreset kommunestyret at SFE Nett AS held fram samarbeidet med grunneigarane og kommunen slik at utbyggar tek maksimalt omsyn til arealmessig negative konsekvensar og visuell utforming.
2. Kommunestyret ber vidare om forhandlingar med SFE for å kome fram til semje om utbyggingsavtale og kva konsesjonsvilkår som skal knyttast til søknaden, som ålmenn erstatning til lokalsamfunnet for verknaden av naturinngrepa

Kommunestyret føreset at forhandlingane er avslutta før høyringsfristen går ut. Formannskapet får fullmakt til å godkjenne resultatet av forhandlingane.

3. Med heimel i vassdragsreguleringslova § 12, nr 17 ber kommunestyret om at NVE knyter følgjande vilkår til konsesjonen:
 - a) Det blir oppretta eit næringsfond på 20 millionar kroner som blir stilt til disposisjon for Gloppen kommune
 - b) Utbyggar må gjere avbøtande tiltak i høve til vassforsyning og fiskebestand m.m. som følgje av eventuelle negative konsekvensar med utbygginga
4. Viss kommunen og SFE mot formodning ikkje blir samde om utbyggingsavtale og konsesjonsvilkår, føreset kommunestyret at NVE sikrar at det blir knytt vilkår til konsesjonen som ivaretek kommunen og ålmenta sine interesser i samsvar med pkt 3 i vedtaket
5. På vilkåra nemnd over tilrår Gloppen kommunestyre at søknaden frå SFE Produksjon AS for utbygging av Gjengedal kraftverk og søknaden frå SFE Nett AS om konsesjon for utbygging av 132 kv kraftleidning frå Gjengedal kraftverk til Storebru/Agledal, blir godkjende.

Vedtaket var samrøystes, med unntak av pkt 1, som vart vedteke med 20 mot to røyster.